

Årsmelding Langrennsgruppa 2022

Aktivitetar

Langrennsgruppa har også i år sin hovudaktivitet rundt skileik og treningar for barn frå 4 år og oppover. Gruppa blir delt i 2-3 mindre grupper, avhengig av aktivitet og nivå. 21/22 sesongen vart avslutta 5 april, og 22/23 sesongen starta etter haustferien 20.oktober. Treningane består av både rulleskøyter, rulleski og vanlege ski.

Gruppa har arrangert renn 29.mars 22, som ein avsluttande aktivitet før sesongslutt. Nærmare 50 barn deltok på eit strålende arrangement! Det vart og arrangert eit nisserenn før jul. Her var det også god deltaking.

Fleire frå gruppa har også deltatt på fleire renn på Ullsheim både i vår og haust sesongen. Vi er ein av dei klubbane med flest deltakarar, noko som viser at både rekrutteringa og opplegget fungerer svært bra!

Markedsføring og medlemmar

Vi nyttar primært facebook for å dele informasjon til dei aktive. I tillegg har vi nytta Vigilo (kommunal e-plattform) til å dele informasjon til skulane i nærområdet. Vi har rundt 40 aktive born i gruppa, men manglar noko oversikt i klubbadmin. Dette er noko vi jobbar med å forbetre.

Saman med dei andre gruppene, har vi gått til innkjøp av treningsjakker til dei aktive og trenarar. Desse har blitt veldig populære og er spesielt fine når vi er på renn hos andre klubbar. Kostnadane har blitt delvis dekt av den enkelte og resterande er delt mellom gruppene og hovudstyret.

Trenarstab

Reidun Smørdal Hjelle har i år som tidlegare hatt hovudansvaret for treningane. Både Merethe Smørdal og Ove Mikal Haveland bidrar til treningane frå styret. Fleire foreldre hjelper også til med praktiske ting under trening.

Dugnad

Løypenettet har fått enkelt vedlikehald ved hjelp av klipping av småkratt langs vegane også i 2022. I tillegg har Ove Mikal vore engasjert for å bytte nokre av drensrøyra i lysløypa og oppreinsking i grøftene rundt. Det vart lagt på meir flis på delar av lysløypa rett før frosten kom.

Frå sesongen 22/23 har tre av oss frå langrennsgruppa engasjert oss i gruppa på Harpefossen som preparerer løypenettet i helgar og før eigne treningar. Den ny-innkjøpte PistenBully 100 maskina er blir brukt til arbeidet.

Stårheim IL arrangerte flakedans på skiskyttarstadion 13. August. Her har Langrennsgruppa hjelpt til med mannskap til opp/ned-rigging av området, samt vakthold på arrangementet.

Økonomi

Gruppa har god økonomi, noko som var utgangspunktet for sponing av jakker til utøvarane. Vi fekk på slutten av året støtte frå Vestland idrettskrins på 10.000,- for å bruke på utstyr. Dette vil bli brukt i 2023, som også er årsak til at det er lagt opp til eit tilsynelatande underskudd i budsjettet.

Styret i Langrennsgruppa v/Jan Stian Raudi